



Vestfold
og Telemark
revisjon

Risikovurdering 2024

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Vinje kommune

Innhald

1. Innleiing	4
1.1. Bakgrunn	4
1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga	4
1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	6
2. Gjennomførte revisjonar	6
3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon	7
4. Om Vinje kommune	8
4.1. Demografi	8
4.2. Organisering	8
4.3. Interkommunalt samarbeid	9
4.4. Økonomi	10
5. Fellestenester - tverrgående tema	11
5.1. Internkontroll	11
5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær	11
5.3. Etikk, habilitet og varsling	12
5.4. Beredskap	13
5.5. Folkehelsearbeid	14
5.6. Arkiv og dokumentasjon – offentleg innsyn	15
5.7. Informasjonstryggleik og personopplysningar	15
5.8. Innkjøp	17
5.9. Samhandling – førebygging – utanforskap	18
6. Plan, økonomi og berekraft	19
6.1. Økonomi	19
6.2. Berekraft, klima og miljø	20
6.3. Planlegging og byggesaksbehandling	22
7. Oppvekst	24
7.1. Samarbeidsordningar - samhandling	24
7.2. Barnehage	27
7.3. Skule	28
7.4. Vaksenopplæring - integreringsarbeid	30
8. Helse og meistring	30
8.1. NAV Vest-Telemark – sosiale tenester	31
8.2. Helse og omsorg	31

9. Kultur, næring og fritid.....	33
9.1. Kultur og fritid.....	33
9.2. Næringsarbeid	34
10. Teknisk, drift og infrastruktur	34
10.1. Eigedom	34
10.2. Vatn og avløp	36
10.3. Kommunale vegar	38
10.4. Renovasjon	39
10.5. Brannvern og branntilsyn.....	40
11. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	41
11.1. Eigarskapskontroll	41
11.2. Forvaltningsrevisjon i selskap	42
Vedlegg 1: Oversikt over selskap.....	44
Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt	48

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Kontrollutvalet skal lage planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen.¹

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Formålet er læring, forbetring og kontroll. Undersøkingane kan rettast mot kommunen og mot kommunen sine selskap.

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og aksepterte prinsipp for god eigarstyring.

Kontrollen skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, og kan kombinerast med forvaltningsrevisjon i selskap. Sjå meir om eigarskapskontroll i kapittel 11.

Plan for forvaltningsrevisjon skal vise på kva område kommunen planlegg å ha forvaltningsrevisjon. Planen skal dekke både kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for eigarskapskontroll skal vise kva for eigarskapskontrollar kommunen planlegg å ha.

Kommunestyret sjølv skal vedta planane, og kan gi kontrollutvalet mynde til å endre og/eller fråvike planane. Vedtatt plan gjeld til ny plan er vedtatt.

Planane skal bygge på vurderingar av kvar det er vesentleg risiko ved verksemda i kommunen og kommunen si eigarstyring, og ved verksemda i kommunen sine selskap. Vestfold og Telemark revisjon IKS (VTR) har fått i oppdrag å utarbeide ei slik vurdering for Vinje kommune, jf. kontrollutvalet si sak 13/23 og 14/23.

Risikovurderinga for forvaltningsrevisjon står i kapittel 3 til 10, og risikovurdering for eigarskapskontroll står i kapittel 11.

1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga

Risikovurderinga er av overordna karakter, og det kan vere noko usikkerheit ved informasjonen vi byggjer på. Det kan også skje endringer i risikobildet i løpet av planperioden.

Vi byggjer på følgjande kunnskapsgrunnlag og informasjon:

¹ Jf. kommuneloven § 23-2, § 23-3 og § 23-4.

- ibuande risiko ved kommunen sine ansvarsområde og eigarskap
- nøkkeltal frå KOSTRA
- informasjon om internkontroll og annan sentral informasjon i årsmelding, budsjett og økonomiplan
- samtalar med og innspel frå kommunedirektør og ordførar
- innspel og synspunkt frå kontrollutvalet 2020-23
- forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar dei siste åra
- gjennomførte og planlagde tilsyn frå statlege mynde

Risikovurderinga er gjort med små ressursar. På dei store tenesteområda må det derfor gjerast ei nærare vurdering av risiko og vinkling i samband med bestillinga.

Innspel til forvaltningsrevisjonar og/eller eigarskapskontrollar

Avtroppande kontrollutval gav følgjande innspel til risikovurderinga, jf. sak 14/23:

Kontrollutvalet ber om at prosjektet Vest Telemark PPT blir tatt med i vurdering av plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for neste periode.

- Vurdere naturmangfald i planen
- Vurdere vatn og avløp

Sittande kontrollutval gav følgjande innspel til risikovurderinga i møte 28. februar 2024 (sak 7/24):

- Arbeidsmiljø for tilsette i helse og omsorg
- Raulandsakademiet AS – eigarstyring
- Eigarskapskontoll - styring og organisering, og openheit i kommunalt eigde selskap
- Anskaffingar av bustader – reglement for bruk og drift av kommunale bustader

Innspel frå kommunedirektør og ordførar

Kommunedirektøren peikar på helse- og omsorgsfeltet som eit aktuelt område for forvaltningsrevisjon.

Ordførar har ikkje spesielle tema han vil peike på, men seier at han opplever at det er mindre kontakt med/informasjon om NAV enn tidlegare år. Han har likevel ikkje grunnlag for å seie at dei ikkje leverer gode tenester.

1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommunen si revisjonsordning er regulert i selskapsavtalen for VTR IKS. Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går fram av oppdragsbrevet og det årlege budsjettbrevet frå VTR.

VTR kan levere anslagsvis tre rapportar om forvaltningsrevisjon og ein rapport om eigarskapskontroll til Vinje kommune, fordelt over fire år, avhengig av tema og innretning på undersøkingane. Dersom kommunen ynskjer det, kan det kjøpast fleire eller meir omfattande forvaltningsrevisjonar eller eigarskapskontrollar enn det som i utgangspunktet er avtalt.

2. Gjennomførte revisjonar

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar 2016-2023

Vinje kommune har hatt følgjande forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar i perioden 2016-2023:

Tema	Tilrådingar	År
Førebyggjande arbeid – barn og unge	Vi såg på planverk og samhandling med interkommunale samarbeidsordningar og bekymringsmeldingar til barnevernet. Det var tilrådingar knytt til planverk og bekymringsmeldingar.	2016
Byggjesaks- handsaming	Vi såg på sakshandsaming, dispensasjonsnivå, tilsyn og korrupsjonsrisiko. Det var nokre tilrådingar knytt til risikovurdering og dokumentasjon.	2017
Sjølvkost – vatn og avlaup	Vi såg på lokal gebyrforskrift, berekningsgrunnlag for sjølvkost og avsetningar til fond. Det var nokre tilrådingar.	2017
Sjølvkost på feietenester (felles Vest-Telemark)	Om berekning av sjølvkost på feietenester var i samsvar med gjeldande krav.	2017
Eigarskapskontroll	Vi såg på styrevalprosessar og styresamansetjing i eit utval selskap.	2019
Renovasjon og feiing (felles Vest-Telemark)	Om dei lokale forskriftene var i samsvar med lovkrav, om kostnadsfordeling og sjølvkostberekning var i samsvar med gjeldande krav. Det var enkelte avvik i forskriftene og når det gjaldt sjølvkost.	2019
Arkiv og innsyn	Om internkontroll og praksis knytt til journalføring og arkivering, om offentleg innsyn. Det var tilrådingar knytt til journalføring og arkivering.	2021

Næringsarbeid	Om oppfølging av næringsplan og handsaming av søknader om tilskott. Det var tilrådingar knytt tilskott.	2022
Anskaffingar	Om internkontroll og praksis – grunnleggande krav, og om rammeavtalar.	2023/ 2024

Forenkla etterlevingskontroll 2020-23²

Revisor gjennomfører kvart år ein forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning.³ Etterlevingskontrollen blir gjort med små ressursar, og gir moderat tryggleik for funna. Ein forenkla etterlevingskontroll vil kunne avdekke eller avkrefte behov for forvaltningsrevisjon. I Vinje kommune har revisor kontrollert følgjande tema:

- 2019: Anskaffingar
- 2020: Sjølvkost
- 2021: Etterberekning av opphaldsbetaling for opphald i institusjon
- 2022: Anskaffingar – oppfølging av kontraktar
- 2023: Attestanten si rolle

3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Nedanfor listar vi opp aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024-2027. Dei er ikkje lista opp i prioritert rekkjefølgje, men følgjer kronologisk.

Tema	Vinkling	Kapittel
Arbeidsmiljø og sjukefråvær	Kommunen sitt systematiske arbeid med å førebyggje og redusere sjukefråvær.	5.2
Etikk, varsling og habilitet	Kommunen sine retningslinjer og rutinar, risikovurderingar, tiltak og arbeid med etikk, varsling og habilitet.	5.3
Informasjonstryggleik og personopplysningar	Krav knytt til handtering av personopplysningar i kommunen.	5.7
Innkjøp	Sikrar kommunen krav til arbeidsvilkår og omsyn til klima og miljø i eigne anskaffingar.	5.8
Berekraft, klima og miljø	Undersøke om tiltak i klimaplanen bli følgde opp. Naturmangfald i planar.	6.2/6.3.1

² Forenkla etterlevingskontroll vart innført ved kommunelova av 2018, og vart gjennomført første gong i 2020 for rekneskapsåret 2019.

³ Jf. kommunelova § 24-9

Tema	Vinkling	Kapittel
PPT	Eventuelt seint i perioden, og saman med dei andre deltakarkommunane.	7.1.2
Skule	Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon dei siste periodane. Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling.	7.3
Vaksenopplæring/integrering	Kapasitet og oppfylling av lovkrav	7.4
Helse og omsorg	Det har ikkje vore tilsyn eller forvaltningsrevisjon av desse tenestene dei siste åra. Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling.	8.2
Eigedomsforvaltning	Mål og planar for verdibevarande vedlikehald.	10.1
Eigarskapskontroll/ Forvaltningsrevisjon i selskap	Kontrollutvalet peikar eventuelt ut selskap ved bestilling.	11.1/11.2

4. Om Vinje kommune

4.1. Demografi

I tredje kvartal 2023 er det 3 828 innbyggjarar i Vinje. Det er venta ein nedgang i folketalet fram mot 2030⁴. Kommunen har fleire som er 67 år og eldre enn landsgjennomsnittet, men færre enn del i eiga kommunegruppe. Vinje kommune har ein større del av befolkninga i barnehagealder enn i eiga kommunegruppe⁵, men mindre enn landsgjennomsnittet.

Kommunen har ein lågare del innvandrarbefolkning enn landsgjennomsnittet, men litt høgare enn eiga kommunegruppe. I 2022 var delen på 13,5 %.

4.2. Organisering

Kommunen omorganiserte i 2022, og har no tre leiarnivå. Administrasjonen er delt inn i fire etatsområde med kvar sin kommunalsjef:

⁴ KOSTRA/Statistisk sentralbyrå

⁵ Vinje er i KOSTRA-gruppe 6



Under kommunedirektøren soknar fellestenester, som personal/arkiv/resepsjon, og plan og økonomi. Dei kommunale oppgåvene i NAV er i vertskommunesamarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune. Leiargruppa består av kommunedirektøren, dei fire etatssjefane samt organisasjonssjef og plan- og økonomisjef.

4.3. Interkommunalt samarbeid

4.3.1. Samarbeidsordningar i kommune eller samarbeidskommune

Vinje kommune deltek i fleire samarbeid om kommunale oppgåver. Samarbeida er omtala i rapporten der dei naturleg høyrer til. Oversikt over dei interkommunale samarbeidsordningane står i vedlegg 2.

Vinje kommune er også deltakar i selskap/ulike sjølvstendige rettssubjekt. Dei viktigaste/største selskapa er

- Raulandsakademiet 98%
- Kvito AS 63%
- Renovest IKS 29%
- Vest-Telemark PPT IKS 27%
- Vest-Telemark brannvesen IKS 24%
- Kraftkompetanse 23 %
- Vest-Telemark kraftlag holding AS 19%

Oversikt over alle eigarskap og vurdering av risiko knytt til eigarskap og selskap står i kapittel 11.

4.4. Økonomi

Tabell 1 Utvalde nøkkeltal - kommuneøkonomi

KOSTRA 2023	Vinje kommune	Grppesnitt ⁶	Landsgj.snitt*
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,8 %	3,1 %	1 %
Langsiktig gjeld ⁷ i prosent av brutto driftsinntekter	29,2 %	48,4 %	50,1 %
Frie inntekter per innbygger	77 830 kr	83 156 kr	68 010 kr
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	6,9 %	14,4 %	13,3 %

Kjelde KOSTRA

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, ifølgje det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kommunen kan disponere til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane over tid bør vere på 1,75 % av driftsinntektene. Netto driftsresultat i Vinje kommune var i 2023 på 4,8 % av driftsinntektene. Tabellen viser at Vinje kommune ligg godt over det anbefalte nivået frå TBU, kommunegrppesnittet og landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter seier noko om kor sårbar budsjettbalansen er for renteauke. Rentekostnaden skal dekkast av driftsinntektene. Som vi ser i tabellen, ligg Vinje kommune relativt lågt i forhold til grppesnitt og landssnitt. Ein auke i renta vil ha mindre verknad på budsjettet enn kommunane vi samanliknar med.

Kommunen sine frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Frie inntekter per innbyggjar seier noko om det økonomiske handlingsrommet til kommunen. Vinje ligg på havparten av landsgjennomsnittet, og også godt under snittet i kommunegrppa. Vinje er i ei kommunegruppe i KOSTRA der alle har høge frie inntekter. I 2023 låg Vinje såleis litt lågare enn grppesnittet, men over landsgjennomsnittet.

Fri egenkapital drift er det som i kommunerekneskapen heiter disposisjonsfond. Dette er midlar som kommunen kan bruke fritt til å dekke utgifter i både drifts- og investeringsregnskapet, og er eit

⁶ Vinje kommune er i KOSTRA-gruppe 6, som er kommuner med 3000-10000 innbyggjarar, høge bundne kostnader og høge frie inntekter.

⁷ Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (KOSTRA)

uttrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har. Tabellen over viser at Vinje kommune har lågare buffer enn gruppesnittet og landsgjennomsnittet.

5. Fellestenester - tverrgående tema

5.1. Internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen følgjer lover og forskrifter, jf. kommunelova § 25-1. Det er også krav om internkontroll i nokre særlover, både sektor-overgripande og for ulike tenesteområde i kommunen, f.eks. i arbeidsmiljølova, personopplysningslova og helse- og omsorgstenestelova. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret minst ein gong i året om internkontrollen.

Observasjonar

Kommunen nyttar Compilo i arbeidet med internkontroll, og av årsmeldinga for 2022 gikk det fram at ein hadde stort fokus på utvikling av og opplæring i systemet i heile kommunen. I årsmeldinga for 2023 blir det vist til at kommunen har gjennomført ROS-analysar innafor HMS og arkiv.

Vinje kommune brukar leiarstøttesystemet Bridge for å gje oversikt over framdrifta i gjennomføring og iverksetjing av politiske vedtak. Løysinga er ein del av kommunedirektørens internkontroll og kommunens kvalitetssystem Compilo.

I 2023 begynte kommunen med internrevisjon. Tema for internrevisjonen i 2023 var avvikshandtering og sjukefråværsoppfølging.

Ordførar seier han er nøgd med administrasjonen si sakshandsaming og oppfølging av vedtak.

Vurdering

Mangelfull internkontroll kan føre til lovbrøt, dårleg kvalitet i saksbehandling og svikt i tenesteutøvinga, og kan utgjera ein risiko i kommunen. Vi er ikkje kjende med forhold som tilseier at det er særskild risiko når det gjeld internkontrollen til kommunen, og meiner derfor at det ikkje formålstenleg å gjennomføra forvaltningsrevisjon om internkontroll generelt.

Kontrollutvalet kan eventuelt be om nærare informasjon om kommunen sin internrevisjon.

Det kan likevel vera aktuelt å vurdera internkontroll i samband med forvaltningsrevisjon som gjeld avgrensa tenester i kommunen. Dette blir i så fall omtalt i samband med vurderinga av dei aktuelle tenestene.

5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar. Viktige oppgåver for kommunen som arbeidsgivar er å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, naudsynt

kompetanse, førebygge og redusere sjukefråvær og redusere ufrivillig deltid. Ifølgje årsmeldinga har kommunen utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft på fleire område.

Observasjonar

I årsmeldinga for 2023 skriv kommunedirektøren at tala for 2023 viser eit marginalt høgare fråvær enn 2022, og samla sjukefråvær er på 8,74 %. Korttidsfråværet har gått noko ned, medan langtidsfråværet har auka. Det er spesielt barnehagane, reinhald, institusjonstenester og heimetenestene som har hatt gjennomgåande høgt fråvær i 2023. Det er ikkje rapportert sjukefråvær som skuldast arbeidsmiljø.

Kommunen gjennomførde medarbeidarundersøking i 2023 (10-faktorundersøking). I årsmeldinga kjem det fram at kommunen legg vekt på god opplæring av nytilsette for å halde på medarbeidarar.

Kommune hadde internrevisjon på området i 2023.

Vurdering

Vi meiner at det er risiko knytt til sjukefråværsarbeidet, og at kommunen kan ha nytte av at kontrollutvalet følgjer opp dette med ein forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet kan eventuelt etterspørje resultata/oppfølginga av internrevisjonen om sjukefråværsoppfølging som kommunen hadde i 2023.

Kontrollutvalet har også spilt inn arbeidsmiljø for tilsette i helse og omsorg som aktuelt tema for revisjon.

5.3. Etikk, habilitet og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å bidra til at kommunane er tillitsskapande. KS og Transparency International Norge (TI) gir tilrådingar om tiltak som kan bidra til ein høg etisk standard. I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for planlagde og iverksette tiltak

Kravet til habilitet gjeld for alle tilsette og politikarar. Den tilsette skal sjølv vurdere sin habilitet. Politikarar har sjølv ansvaret for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet, medan det er det folkevalde organet som avgjer om vedkomande er habil eller ikkje. For å sikre at habilitet blir handtert i samsvar med gjeldande krav, bør det gjerast risikovurderingar, og kommunen bør ha rutinar som sikrar at habilitet blir vurdert og at inhabilitet blir handtert.

Arbeidstakarar har rett, og til dels plikt, til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Varslingsordninga skal bidra til at medarbeidarar vågar å seie frå om kritikkverdige forhold, og dermed til å hindre og betre desse. Kommunen som arbeidsgivar skal ha rutinar for mottak og handsaming av varsel. Ein god ytringskultur hjå dei tilsette og gode rutinar rundt varsling er viktig for lokaldemokrati og tenestekvalitet. Det er derfor viktig at arbeidstakarar i kommunen opplever at det er trygt å ytre seg kritisk om kritikkverdige forhold i eiga verksemd.

Observasjonar

Arbeidet med etikk er omtala i kommunen si årsmelding for 2023, der det går fram at etikk har stort fokus i høve til nytilsette og innan dei ulike fagområda.

Vinje kommune har rutinar for varsling, og har informasjon om ytringsfridom og varsling på kommunen sine nettsider. Kommunedirektør og ordførar gjorde greie for kommunen sitt arbeid med habilitet og varslingsrutinar i kontrollutvalet sitt møte i februar 2024.

Etiske retningslinjer og etisk standard for tilsette og folkevalde blei lagt fram som referatsaker i kommunestyret i mars 2024. Ordførar seier kommunestyret skal ha tema habilitet og etikk opp som eige tema over sumaren 2024.

Vinje kommunes politikarar og leiarar er melde inn i KS' styrevervregister, som blir oppdatert automatisk mot opplysningar i Einingsregisteret.

Både ordførar og kommunedirektøren seier dei er opptatte av temaet, og at det blir arbeidd med nye rutinar for varsling.

Vurdering

Alle verksemder må arbeide kontinuerleg med å sikre høg etisk standard og eit trygt ytringsklima. Vi meiner det generelt kan vere risiko knytt til dette arbeidet, og at dette bør prioriterast for forvaltningsrevisjon frå tid til anna. Den informasjonen vi har om rutinar og retningslinjer i Vinje kommune tilseier at det ikkje er stor risiko på dette området. Men vi veit lite om korleis dette arbeidet og kulturen er ute i organisasjonen, og meiner difor at det kan vere grunn til å prioritere opp dette temaet. Ein slik forvaltningsrevisjon vil gjerne vere retta mot og involvere alle tilsette i kommunen, og eventuelt politikarane også. Det kan bidra til ny styringsinformasjon og til læring og forbetring, både for tilsette og i det politiske nivået.

Habilitet har vorte aktualisert gjennom fleire saker i rikspolitikken siste året. Vi har ikkje grunnlag for å tru at det er særskilt risiko knytt til inhabilitet i Vinje. Vi nemner det likevel her, fordi det i ein forvaltningsrevisjon om etikk og varsling kan vere føremålstenleg å ta med ei undersøking av kommunen sine tiltak for å sikre habilitet.

5.4. Beredskap

Plan- og bygningslova stiller krav til samfunnstryggleik i kommunen si planlegging. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap har som føremål å redusere risiko for at kriser skjer, og sørge for at kriser som likevel skjer blir handtert best mogleg.

Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane beredskapsplikt, og dei skal planlegge beredskapen basert på ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).

Observasjonar

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fører tilsyn med alle kommunane i løpet av valperioden. Det var tilsyn i Vinje i 2022. Tilsynet i 2022 undersøkte om samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Tilsynet såg også på delar av beredskapsarbeidet på sektornivå, innanfor helse- og omsorgssektoren og utdannings- og oppvekstsektoren. Tilsynet avdekte ingen avvik, men det var nokre kommentarar og råd. Neste tilsyn er planlagt i 2026.

Vurdering

I og med at resultatet frå siste tilsyn var godt, og at det er planlagt nytt tilsyn dei næraste åra, meiner vi at risiko knytt til det generelle beredskapsarbeidet i Vinje er redusert. Det kan likevel vere aktuelt å sjå også på beredskapen i samband med forvaltningsrevisjon av ulike tenesteområde. Vi meiner at dette best kan vurderast i samband med bestilling av forvaltningsrevisjonar på ulike område.

5.5. Folkehelsearbeid

Kommunen skal ha oversikt over helsetilstanden til befolkninga i kommunen, og dei faktorane som påverkar helsetilstanden. Dette følgjer av folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa. Denne kunnskapen skal leggjast til grunn i kommuneplanarbeidet, og kommunen skal iverksette tiltak i høve til utfordringsbildet.

Arbeidet med folkehelse og å forebygge sjukdom er sentralt i samhandlingsreformen. Kommunen skal fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet, og sikre politisk og tverrsektoriell forankring.

Observasjonar

Vinje kommune deltek i Program for folkehelsearbeid, med prosjektet «Eg er meg og du er deg - livsmeistring og nærværstrening for barn». Arbeidet ligg organisatorisk til oppvekst, barn og utdanning. Programmet har som hovudmålsetjing at barn og unge i Telemark opplever god psykisk helse og livskvalitet. Kommunen har som mål at nærværstrening skal bli ein integrert del av oppveksten til barn i Vinje. Alle barnehagar, skular og helsesjukepleiarane i kommunen deltek i prosjektet.

Kommunen arrangerer saman med dei andre Vest-Telemarkkommunane kurset «Er det berre meg?» Kurset er utvikla av Rask psykisk helsehjelp.

Folkehelseinstituttet har laga ein folkehelseprofil for Vinje i 2023. Her kjem det fram at kommunen har ein lågare del born i alderen 0-17 år samanlikna med landet som heilheit. I andre enden av aldersskalaen, har kommunen ein høgare del eldre over 80 år enn landet som heilheit, og framskriving viser at dette vil bli forsterka fram mot år 2040. Vi har henta nokre samandrag av rapporten for kommunen:

- *Andelen barn som bor i husholdningar med vedvarende lav inntekt, er lavere enn i landet som helhet.*

- *Andelen ungdomsskoleelever som oppgir at de har høy tilfredshet med livet, er ikke signifikant forskjellig fra landsnivået.*
- *Andelen ungdomsskoleelever som oppgir at de er svært eller litt fornøyde med lokalmiljøet, er høyere enn landsnivået.*
- *Andelen 17-åringar som oppgir at de trener sjeldnere enn ukentlig er høyere enn i landet som helhet, vurdert etter resultater fra nettbasert sesjon 1 for gutter og jenter.*

Vurdering

Vi kjenner ikkje til at det er særskilt risiko på dette området.

5.6. Arkiv og dokumentasjon – offentlig innsyn

Arkiv og dokumentasjon

Kommunen sin dokumentasjon i postjournal og arkiv er viktig for innsyn, demokratisk aktivitet, rettstryggleik, forskning og kulturell verksemd.

Observasjonar

Pressens offentlighetsutvalg og Kommunal Rapport samanliknar kommunane og set opp resultata i eit barometer. Dei har tre innfallsvinklar: postlistesjekk, spørsmål til kommunane og test av korleis kommunen handsamar innsynskrav. Maksimal poengsum er 26, mens minste poengsum er -15 (det er mogleg å få minuspoeng). Lågaste poengsum ein kommune fekk i 2023 var 0 poeng. Vinje kommune fekk 17,5 poeng. Beste kommune i Vestfold og Telemark hadde 24 poeng, mens dårlegaste hadde 3 poeng.

Arkivverket hadde tilsyn med kommunen i 2019 og avvik blei utbetra. Kommunen har frå 1. april 2021 hatt elektronisk arkivplan. Det webbasert verktøyet Arkivplan.no blir nytta.

Det var forvaltningsrevisjon på dette området i Vinje i 2021, og det vart gitt nokre tilrådingar.

Vurdering

Av erfaring er det generelt risiko for at kompetanse og praksis knytt til arkiv og journalføring i kommunane ikkje er god nok.

Vinje har hatt tilsyn og forvaltningsrevisjon dei seinaste åra, og vi meiner det ikkje er grunnlag for å prioritere forvaltningsrevisjon på området i denne perioden.

5.7. Informasjonstryggleik og personopplysningar

Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik omfattar alle tiltak som skal sikre kommunen si handsaming av informasjon, både når det gjeld sikring av IT-system, tilrettelegging av prosessar/arbeidsoppgåver, og

kompetanse og opplæring hos dei som utfører oppgåvene. Det er vanleg å seie at informasjonstryggleik handlar om å sikre følgjande:

- Konfidensialitet: Informasjonen blir ikkje kjend for uvedkommande.
- Integritet: Informasjonen blir ikkje endra utilsikta eller av uvedkommande.
- Tilgjengelegheit: Informasjonen er tilgjengeleg ved behov.

Ei uønskt hending mot eit eller fleire av systema for kommunen kan få store konsekvensar. Dei siste åra har det vore små og større angrep mot kommunar og andre offentlege verksemder, og mange har ikkje eit forsvarleg tryggningsnivå for å verne informasjonen sin.

Personvern (GDPR)

Forsvarleg handtering av personopplysningar er regulert av personopplysningslova.

Kommunen behandlar personopplysningar om innbyggjarar, tilsette og politikarar, og pliktar å ha eigna tiltak for å sikre ei forsvarleg behandling av personopplysningane.

Personopplysningane skal vernast mot urettmessig innsyn og endringar, men skal vere tilgjengelege for dei som treng opplysningane, når dei treng dei.

Manglande etterleving av personvernreglane kan ramme innbyggjarane i kommunen og tilsette, og kan medføre straffegebyr og tap av omdømme for kommunen.

Observasjonar

Vest-Telemark Driftssenter er eit interkommunalt samarbeid på IT-drift og samarbeidet har ansvaret for drift og forvaltning av alle IT-løysingar i Vest-Telemarkkommunane.

På kommunen sin nettside finns opplysningar om korleis kommunen handsamar personopplysningar. Kommunen har personvernombod og personvernerklæring.

Kommunedirektøren viser til at det i 2022 blei gjort ein ekstern gjennomgang av informasjonssikkerheita og kontrollrammverket kommune som deltek i Vest-Telemark driftssenter. Rapport med oppsummering, konklusjon og tiltak blei levert kommunane i februar 2023. Vidare seier kommunedirektøren at det blir jobba med kultur rundt IT-sikkerheit ved hjelp av «nano-learning». Formålet er mellom anna å bevisstgjere tilsette i høve til å opne «tvilsame» e-postar, klikke på lenker m.m.

Vurdering

Informasjonstryggleik og personvern er grunnleggjande viktig i den kommunale verksemda, og det er generelt ein viss risiko for svikt. Kommunen har ikkje hatt forvaltningsrevisjon om personvern tidlegare. Dette er eit område med risiko for brot, og det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon jamleg.

Vi meiner at risikoen knytt til IT-tryggleik kan vere redusert ved at kommunane samarbeider i eit større fagmiljø og dermed har større felles ressursar. Vi meiner likevel det kan vera formålstenleg med forvaltningsrevisjon om personvernlovgivinga.

5.8. Innkjøp

Reglane om offentlege innkjøp skal bidra til effektiv bruk av ressursane, og at det offentlege opptrer med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg og berekraftig måte. Kommunen skal ha tiltak for å motvirke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motvirke brot på menneskerettane. Frå 1.1.2024 blei kravet om å ta miljøomsyn skjerpa. Sjå også pkt. 4.4 om berekraft.

Anskaffingar over ein viss verdi skal kunngjerast og gjennomførast i samsvar med regulerte prosessar, og KOFA kan vedta gebyr for ulovlege direktkjøp. Reglane er komplekse og strenge, men gir likevel kommunen stort handlingsrom til å legge til rette for at lokale verksemder kan delta i konkurransen om oppdrag.

Observasjonar

Vinje kommune deltek i Telemark innkjøpssamarbeid KO⁸ (TIS). Formålet med innkjøps-samarbeidet er å inngå felles rammeavtalar. TIS kan hjelpe kommunane med enkeltinnkjøp, men entreprise og IKT-system ligg utanfor formålet.

I Vinje er det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av grunnleggjande krav til konkurranse og rammeavtalar i 2023. Det var forenkla etterlevingskontroll utan avvik i 2019.

Arbeidstilsynet hadde tilsyn med løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar i 2022. Etter tilsynet har Vinje kommune gjort endringar i rutineane for å sikre at ansvar for å risikovurdere og kontrollere løns- og arbeidsvilkår blir tydeleggjort, og at det skal gjerast årleg kontroll av dette. Krava som gjeld menneskerettar og miljøomsyn har ikkje vore undersøkt.

Vurdering

Deltaking i innkjøpssamarbeidet reduserer risiko når det gjeld etablering, inngåing og etterleving av rammeavtalar.

Vi meiner at det er middels risiko for at kommunen ikkje sikrar arbeidsvilkår og omsyn til klima og miljø i eigne anskaffingar. Ein forvaltningsrevisjon på dette området kan kombinerast med forvaltningsrevisjon av styring og budsjettering av prosjekt.

⁸ Kommunalt oppgåvefelleskap

5.9. Samhandling – førebygging – utanforskap

I ny barnevernslov⁹ fekk kommunen ansvar for å førebyggje at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal framme gode oppvekstvilkår gjennom førebyggjande tiltak, slik at sjansane for omsorgsovertaking eller andre inngripande tiltak seinare i livet til barnet blir reduserte. Kommune skal vidare sørge for å samordne tenestetilbodet sitt til barn og familiar. Kommunestyret skal vedta ein plan for dette arbeidet.

Frå 1. august 2022 kom det nye kravet om samarbeid, samordning, barnekoordinator og individuell plan i 14 velferdstenestelover. Formålet er å styrkje oppfølginga av utsette barn og unge og familiare deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Velferdstenestene skal samarbeide både på system- og individnivå. Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, kan ha krav på barnekoordinator.

Observasjonar

Kommunane i Vest-Telemark har vedtatt ein felles oppvekstplan, *Vegen mot livsmeistring*, og det er lagt opp til at kvar kommune skal lage ein lokal del av planen, tilpassa eigen kommune. Det førebyggjande arbeidet er organisert etter same modell i dei samarbeidande kommunane.

Arbeid retta mot barn og unge ligg organisatorisk inn under kommunalområdet Helse og meistring. Her ligg barnevern, PPT-teneste, SLT, barneteam og kommunepsykolog.

Siste Ungdata-undersøking¹⁰ på ungdomsskuletrinnet var i 2021. Her er nokre tal frå undersøkinga:

	Vinje	Heile landet
Nøgde med lokalmiljøet	76 %	67 %
Plaga av einsemd	9 %	11 %
Opplev tryggleik i nærområdet	94 %	85 %
Psykiske helseplager dei siste sju dagane	10 %	17 %
Drikk alkohol jamleg	4 %	6 %
Røyker dagleg eller vekevis	3 %	2 %
Tilbod hasj/marihuana i løpet siste året	7 %	16 %
Blir mobba minst kvar fjortande dag	7 %	8 %

⁹ I kraft 1.1.2023

¹⁰ <https://www.ungdata.no/rapporter/>

Mobbar ande minst kvar fjortande dag	2 %	3 %
---	-----	-----

Kjelde: Ungdata 2021

Kommunen arbeider tverrfagleg om barn frå 0-18 år. Barneteamet i Vinje er sett saman av representantar frå helsestasjonen, skulehelsetenesta, psykisk helseteneste for barn og unge, fysioterapi barnehage og skule. Andre fagpersonar kan kallast inn etter behov.

Kommunen har SLT-koordinator. SLT modellen er utvikla av *Det kriminalførebyggande råd*, og skal vera eit hjelpemiddel for kommunane i samband med utfordringar knytt til kriminalitet, rus og oppvekstvilkår. Målgruppa er generelt born og unge under 18 år. Arbeidet skjer i samarbeid mellom representantar frå kultur, NAV, helse, barnevernssamarbeidet, politi, skule, barnehage og SLT-koordinator. SLT verksemdsplan for 2023-2026, *Ein plan for trygg oppvekst i Vinje kommune*, er vedteke i kommunestyret i juni 2023.

SLT og Politiråda skal også koordinere arbeidet med å førebyggje radikaliserings og valdeleg ekstremisme lokalt.

Kommunen har tiltaksplan mot barnefattigdom for perioden 2018-2020

Vurdering av risiko

Det kan vere risiko for at samarbeidet mellom tenestene i kommunen og dei interkommunale ordningane ikkje fungerer som ynskt og planlagt. Manglande førebygging kan koste dyrt både menneskeleg og økonomisk. Vi har ikkje informasjon som peikar på særskilt risiko her, men ein forvaltningsrevisjon kan gi god informasjon om det førebyggjande arbeidet fungerer.

Forvaltningsrevisjonen kan eventuelt gjerast for dei samarbeidande kommunane i fellesskap.

6. Plan, økonomi og berekraft

6.1. Økonomi

Kommunane skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. Kommunen skal lage samordna og realistiske planar for eiga verksemd, økonomi og for utviklinga av lokalsamfunnet.

Kommunestyret sjølv skal vedta årsbudsjett og økonomiplan for valperioden. Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistisk, fullstendig og oversiktleg. Årsbudsjettet er bindande.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskapen og årsmeldinga seinast 30. juni. Minst to gonger gjennom året skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter samanlikna med budsjettet.

Observasjonar

Vinje kommune nyttar Framsikt til budsjettering og rapportering. Det er dei siste åra ikkje funne vesentlege avvik i samband med revisor si obligatoriske budsjettkontroll, revisor si beretning eller revisor si rapport til KU om revisjon av årsrekneskapen.

Kommunen legger fram to økonomirapportar i løpet av året i tillegg til årsrekneskapen. Kommunen sitt årsrekneskap har dei siste åra vist mindreforbruk.

Vurderingar

Vi meiner budsjettering og rapportering godt nok kontrollert innanfor ordinær rekneskapsrevisjon.

6.2. Berekraft, klima og miljø

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling, og det er ei nasjonal forventning om at FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegging i kommunane. I dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing står det at kommunane i si overordna planlegging skal ha tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Kommunane bør sette ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.

Gjennom naturavtalen¹¹ som vart inngått i desember 2022, har Norge mellom anna forplikta seg til å stoppe og reversere tap av natur innan 2030. Kommunesektoren vil få ei sentral rolle i gjennomføringa av denne avtalen.

Figur 1 FNs berekraftsmål



¹¹ Kunming-Montreal Global biodiversity framework
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Noreg oppfyller mange av berekraftsmåla, men har utfordringar med å oppfylle mål om *ansvarleg forbruk og produksjon* (mål 12), mål om å *stoppe klimaendringane* (mål 13), og mål om å *ivareta livet på land* (mål 14).

Kommunen har fleire roller/oppgåver som er viktige for å nå berekraftsmåla. Kommunen er

- planmynde, sjå kap. 6.3.1
- innkjøpar av varer og tenester, sjå kap. 5.8
- eigar og driftar av bygg og infrastruktur, sjå kap. 10

Det er venteleg at krava til berekraftsarbeid i kommunane vil auke i planperioden, og nokre av måla er aktuelle også innanfor oppvekst, helse og meistring og NAV. Berekraftsmåla ligg til grunn i noko av planverket i Vinje kommune.

Observasjonar


Klimaplan for Vest-Telemark, i regi av Vest-Telemarkrådet blei vedteke i kommunestyret i september 2022. Planen er knytt opp mot berekraftsmåla. Det er forslag til mål og tiltak for kommunane og andre aktørar innan arealforvaltning, jordbruk, skogbruk, transport, sirkulærøkonomi og avfall, enøk og innkjøp.

For å hjelpe kommunane med å gjennomføre tiltaka i planen er det oppretta eit klimaforum. I klimaforumet er det representantar frå alle kommunane, og Vest-Telemarkrådet har tilsett ein klimakoordinator som skal organisere møta i forumet og trygge framdrift i koordinering og iverksetting av tiltak.

Vinje kommune har laga klimarekneskap sidan 2019. Klimarekneskapet viser per i dag det samla klimagassutsleppet i kommunens drift, og dekkjer tenesteområda barnehagar, skular, institusjonar, helsehus, teknisk drift og infrastruktur, kommunehuset, samt brann og beredskap og Vest-Telemark driftssenter knytt til Vinje. Alt av utslepp er rekna om til CO₂-ekvivalentar og visast i kg CO₂ i rekneskapen. Summen av alle utsleppa er klimafotavtrykket til kommunen.

Frå 2021 til 2022 har det vore ei total auke på 1,2 % CO₂-ekvivalentar, frå 498,8 tonn til 504,5 tonn.

Miljødirektoratet lager oversikter over total mengde klimagassutslipp i kommunene. Vinje kommune som geografisk område hadde i 2022 eit utslipp på 39 464 tonn CO₂ -ekvivalenter. Tal frå miljødirektoratet viser slik utvikling i klimagassutslappa i kommunen som geografisk område:



Kommunen fekk i 2013 utarbeidd rapporten Naturtypekartlegging i Vinje kommune 2012-2013.

Totalt 57 naturtypelokaliteter er beskrevet og avgrenset. Disse fordeler seg på 9 lokaliteter med A-verdi, 25 med B-verdi og 23 med C-verdi. Naturtyper innen kulturlandskap utgjør hoveddelen av materialet med til sammen 34 lokaliteter. Det er kartlagt totalt 14 rødlistearter i dette prosjektet. Av disse er 13 i kategorien nær truet (NT) og 1 i kategorien sårbar (VU).

Vurdering

På generelt grunnlag kan det vere risiko for at planlagde tiltak ikkje vert gjennomførte. Ein forvaltningsrevisjon av klimatiltak og/eller klimatilpassing kan vere nyttig. Klimatiltak vil eventuelt passe best noko ut i perioden.

Kontrollutvalet 2020-23 har spela inn naturmangfald i planar som tema. Det er eit aktuelt tema, og vil kunne vere aktuelt for ein forvaltningsrevisjon anten aleine eller saman med klimatilpassing og klimatiltak.

6.3. Planlegging og byggesaksbehandling

6.3.1. Planlegging

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal vareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.¹²

Planprosessane skal vere opne og føreseielege.

¹² [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-27](#)
Vestfold og Telemark revisjon IKS

FNs berekraftmål, nasjonale klima- og miljømål og løysingar som styrkar verdiskaping og busetting i heile landet, er blant dei omsyna som skal leggst til grunn for den overordna planlegginga, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

Observasjonar

Framlegg til planstrategi for perioden 2024-2027 blir handsama i kommunestyret i midten av mai 2024.

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteke i juni 2023 og har ein planhorisont som strekk seg fram mot 2035. Kommuneplanens arealdel gjeld for perioden 2011-2023. Arbeid med ny arealdel vil skje i 2024 og 2025. Vinje har starta arbeidet med rullering av kommunedelplanar (Åmot og Rauland) i samband med pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Vidare arbeid med kommunedelplanane vil fylgje same prosess som for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Vinje kommune har planprogram som peikar på dei nasjonale forventningane og dei regionale planane. [Planprogram \(custompublish.com\)](#). Ifølgje årsmeldinga for 2023 blir det lagt vekt berekraft i samband med planarbeidet i kommunen.

Kommunedirektøren peikar på at det kan vere vanskeleg å rekruttere kompetent arbeidskraft. Han har bedt eininga knytte til seg ekstern juridisk kompetanse på områda plan og konsesjonslov.

Vurdering

Det kan vere risiko for at kommunen ikkje har eller følgjer eigen planstrategi, og at planane ikkje er oppdaterte. Eit godt arealplanverk er viktig for å sikre effektiv og korrekt byggjesaksbehandling.

Det kan vere risiko for at berekraftmåla og andre nasjonale føringar ikkje er/blir tilstrekkelege eller formålstenleg varetekne i planverket.

6.3.2. Byggesakshandsaming

Kommunen behandlar søknader om byggjeløyve, og skal handheve lova og eige planverk på ein føreseieleg, lik og effektiv måte. Eit formålstenleg og oppdatert planverk, gode rutinar og kompetanse bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling.

Kommunen skal føre tilsyn med at plan- og bygningslova blir etterlevd. Tilsynet skal ha eit slikt omfang at det kan avdekkje lovbrøt.

Kommunen kan finansiere desse oppgåvene gjennom gebyr for sakshandsaminga i samsvar med reglane om sjølvkost.

Observasjonar

I årsmeldinga for 2023 skriv kommunedirektøren at det vart handsama 259 søknader om tiltak, 311 søknader om bruksløyve/ferdigattest og 36 dispensasjonssaker. Dei tilsette brukar mykje tid på å rettleie publikum.

2023 var eit år med lågare pågang frå publikum. I 2023 registrerte me 497 byggjesaker, medan tala for 2022 var 748. I 2021 var det 584 byggjesaker, for 2020 var det 700 byggjesaker og omlag 500 byggjesaker i 2019.

Kommunen har tilsynsplan og kommunen har auka talet på tilsyn dei siste åra. I 2023 vart det gjennomført tilsyn i 26 % av byggesakene. Det er fleire tilsyn enn målsettinga som var 10 %.

Sakshandsamingstid for byggesøknader med 3 vekers frist var i 2022 i gjennomsnitt 38 dagar. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesøknader med 12 veker frist var 75 dagar.

Kommunen handsama 10 klager på resultat av byggesakshandsaming i 2023. Talet var 8 i 2022.

Delen av innvilga saker som medførte dispensasjon frå plan var på 3,3 % i 2023. Det ein nedgang i høve til 2022 då delen var 7,9 %. Andelen dispensasjonssaker i 2023 var lågare enn i KOSTRA-gruppa (20,9 %) og i landet utanom Oslo (20,1%).

Kommunedirektøren seier at aktiviteten på byggesak har gått ned og at det har ført til mindre press på tenesta. Han seier det generelt er ei utfordring å skaffe god kompetanse på området.

Vurdering

Det er generelt risiko knytt til sakshandsaming av byggesaker. Kommune har områder for utbygging av fritidsbustader, noko som igjen kan auka risikoen for krevjande saksprosessar.

I tillegg er byggesaksbehandling er eit av dei områda i kommunen der korrupsjonsrisikoen blir vurdert å vera størst. Utan tilstrekkeleg korrupsjonsførebyggjande tiltak kan det vera risiko for korrupsjon.

Det var forvaltningsrevisjon på området byggesak i 2017.

7. Oppvekst

7.1. Samarbeidsordningar - samhandling

Kommunane i Vest-Telemark samarbeider på fleire område knytt til oppvekst, både om barnevern, pedagogisk-psykologisk teneste og NAV. Dei seks kommunane har utarbeidd og vedtatt ein felles overordna oppvekstplan for Vest-Telemark. Kvar kommune skal utarbeide ein lokal del av planen.

Bakgrunn for planen er barnevernsreforma, som har mål om at kommunane skal styrkje arbeidet med førebygging, tidleg innsats og samhandling. Planen skal vere eit viktig bidrag til at kommunen arbeider førebyggjande og at innbygarane opplever tidleg innsats og koordinerte tenester.

Det kan vere krevjande å få til eit fungerande samarbeid på tvers av kommunar, tenester og einingar.

7.1.1. Barnevern

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og at dei som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Barnevernsreforma trådte i kraft 1. januar 2022, og frå 1. januar 2023 kom ny barnevernslov. Krava til kompetanse er styrka med barnevernsreforma. Barneverntenesta skal samarbeide med andre relevante tenester i kommunen.

Observasjonar

Vinje kommune samarbeider med Fyresdal, Tokke, Seljord, Nissedal og Kviteseid om barneverntenestene. Vertskommune for barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark er Kviteseid.

Det er fire stillingar i barneverntenesta knytt til Vinje kommune. Alle desse har fagutdanning. Stillingar med fagutdanning pr 1 000 barn i alderen 0-17 år er 5,4. Det er under gjennomsnittet for KOSTRA-gruppa (5,6) og landet utanom Oslo (6,7). Det har vore stabil bemanning i tenesta.

Kommunen er ein del av vertskommunesamarbeidet Barnevernsvakta i Telemark. Samarbeidet har krise- og akuttberedskap for barnevernet og vaktteneste utanom kontortid. Skien er vertskommune.

Barneverntenesta i Vest-Telemark har delteke i eit samarbeid om barnevernsreforma med Midt-Telemark og Øst-Telemark, og hadde eit operativt ressursteam frå februar 2022. Vidare samarbeider og samhandlar barneverntenesta med ulike tenester i alle kommunane, og deltek i SLT-arbeidet, barne- og ungdomsteam med meir.

Tilstandsrapport 2022 for tenesta er lagt fram for alle kommunestyra. Ifølgje rapporten var det 30 meldingar til barnevernet i Vinje. Dert er ein nedgang få året før då det var 42 meldingar. Halvparten av dei 30 saken som ble melde i 2022 gjekk vidare som undersøkingssaker.

Tabellen under viser utviklinga i Vinje kommune frå 2022-2023 når det gjeld kor stor del av barn og unge som har barneverntiltak:

Tabell 2 Barn med barneverntiltak i prosent av innbyggjarar 0-24 år. Vinje kommune, KOSTRA-gruppe 6 og landet utan Oslo

	2022	2023
Vinje	2,1	2,5
KOSTRA-gruppe 6	4,4	4,1
Landet uten Oslo	3,1	2,8

Kjelde: KOSTRA

Ifølge tal frå SSB blei alle meldingar i 2023 handsama innan fristen på sju dagar. Pr 21.12.2023 hadde 19 av 22 barn med barnevernstiltak i Vinje utarbeidet plan.

Statsforvaltaren hadde landsomfattande systemrevisjon på undersøkingar i 2020/21. Det blei avdekt lovbrøt i barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, men dette er no retta opp.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som indikerer særskilt risiko knytt til barneverntenesta, bortsett frå at det kan vere lite føreseielege økonomiske utfordringar. Det kan vere noko risiko knytt til samhandling og førebyggjande arbeid.

Det er Kviteseid som vertskommune for samarbeidet, og ein eventuell forvaltningsrevisjon bør utførast i samarbeid mellom dei kommunane som deltar i samarbeidet. Det er kontrollutvalet i Kviteseid som kan vedta ein eventuell forvaltningsrevisjon av barneverntenesta.

7.1.2. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT skal hjelpe skulane i det førebyggjande arbeidet og med tidleg innsats. Det er sett i gang eit prosjekt for å heve kompetansen innanfor spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehagar, skular og PPT (kompetanseløftet). Eit av måla er at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.

PPT skal hjelpe barnehagar og skular i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for barn/elevlar med særlege behov. Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom dei har særlege behov for det. Elevlar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga, har rett til spesialundervisning.

Observasjonar:

Vest-Telemark PPT IKS er eit samarbeid mellom kommunane Fyresdal, Nissedal, Kviteseid Seljord, Tokke, Vinje. Kontorstad er Kviteseidbyen. Det er ni årsverk i tenesta.

Vinje kommune har litt høgare del barn med som får spesialundervisning samanlikna med landet utanom Oslo, men ligg litt lågare enn kommunane i KOSTRA-gruppe 6:

Tabell 3 Elevlar i grunnskulen som får spesialundervisning (i prosent)

Elevar i grunnskulen som får spesialundervisning (i prosent)	Vinje	KOSTRA-gruppe 6	Landet utanom Oslo
2022	8,6	9,8	7,9
2023	9,5	10,2	8,1

Kjelde: SSB

For barn i barnehagar ser tala slik ut:

Tabell 4 Barn i barnehagar som får spesialpedagogiske tiltak (i prosent)

Barn i barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp (i prosent)	Vinje	KOSTRA-gruppe 6	Landet utanom Oslo
2022	2,5	2,8	4,1
2023	2,8	3,2	4,0

Kjelde: SSB

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med PPT i 2021/22. Formålet med tilsynet var å kontrollere om PPT oppfylte krav i regelverket om å utarbeide sakkunnige vurderingar, og om å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen i organisasjonen for betre å legge til rette for elevar med særskilde behov. Statsforvaltar fann fleire avvik under tilsynet. Dette gjaldt mellom anna at PPT brukte for lang tid på å utarbeide sakkunnige vurderingar.¹³

Kontrollutvala i dei seks Vest-Telemark-kommunane har bedt om at PPT blir vurdert for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, fordi planlagt eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon i førre periode vart avlyst/utsett. Planlagt tema var kommunane si eigarstyring av selskapet, om selskapet si styring var i samsvar med selskapsreglane, og om kommunane og selskapet hadde gode tiltak for å følgje opp ressursbruk og leveransar frå selskapet til kvar kommune. Det er i ettertid gjort utgreiingar og vurderingar knytt til organisasjonsform mm. Desse spørsmåla skal handsamast i kommunestyra i 2024.

Vurdering

Det kan vere risiko knytt til PPT, men dersom organiseringa av selskapet skal endrast, meiner vi at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon av PPT i si noverande form. Ein forvaltningsrevisjon av PPT må eventuelt vurderast når organisering er avklart, og leggest mot slutten av perioden.

7.2. Barnehage

Kommunen har mange oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for at alle barn har tilbod om barnehageplass, og skal drifte barnehagane sine i samsvar med gjeldande krav.

Frå 2021 fekk barnehagane plikt til å undersøke og vere aktive i arbeidet med å sikre barnehagebarn eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (tilsvarande plikter som skulene har hatt).

¹³ Vest-Telemark PPT IKS er også omtala i kapittel 11 om eigarskapskontroll.
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Barnehagane skal ivareta barna sine behov, og skal vere merksame på om barnet kan ha rett på spesialpedagogisk hjelp eller eit individuelt tilrettelagt tilbod. Barnehagen skal gi hjelp i tråd med vedtak om spesialpedagogisk hjelp og tilrettelagte tilbod.

Observasjonar

Vinje kommune har fire barnehagar, og alle er kommunale. Barnehagedekninga var 90,4% i 2022, ein nedgang frå 2021. Dekningsgraden er lågare enn kommunegruppa, Tinn og Tokke. Pedagogisk bemanning i barnehagen er lågare enn i kommunegruppa (32,6% mot 37,2%). I årsmeldinga for 2023 blir det peika på utfordringar med å rekruttere personar med formalkompetanse.

Tal frå Barnehagefakta¹⁴ viser at kommunen har færre barn pr tilsett enn gjennomsnittet i landet. Alle barnehagane oppfyller pedagognormen. Vidare har barnehagane større leike og opphaldsareal enn gjennomsnittet i landet. Foreldretilfredsheiten er på line med nasjonalt gjennomsnitt.

Vurderingar

Vi er ikkje kjend med at det er særskilt risiko på barnehageområdet.

7.3. Skule

Kommunen har ansvaret for grunnskuleopplæringa. Kommunen skal sørge for at opplæringa blir tilpassa evnene og føresetnadene til kvar enkelt elev. Det er krav til kompetanse og bemanning i skulen og talet på elevar per lærar (lærarnorm).

Ny opplæringslov gjeld frå 1. august 2024. Den styrkjer og etablerer nye plikter for kommunen, til dømes:

- tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær
- førebyggje og følge opp urovekkjande fråvær
- setje i verk tiltak ved kjennskap eller mistanke om mobbing, vald, diskriminering og trakassering
- endringar i reglane om spesialundervisning
- rett til medverknad og skuledemokrati lovfesta
- tilsyn med privat grunnskuleopplæring i heimen.

Observasjonar

Tilstandsrapport for Vinjeskulen 2023 blei lagt fram i mai 2024. Vinjeskulen er eit samleomgrep for alle fire skulane i Vinje. Det er om lag 40 elevar totalt på kvart årskull fordelt over heile kommunen.

¹⁴ [Barnehager i Vinje kommune - Barnehagefakta.no](https://www.barnehagefakta.no)

Tal frå utdanningsdirektoratet viser at kommunen ligg godt innafor lærarnormen, med snaue 12 elevar pr lærar pr oktober i skuleåret i 2023/24. Det skal maksimalt vere 15 elevar pr lærar i 1.-4. trinn og 20 elevar pr lærar i 5.-10. trinn.

Tal frå SSB for 2023 viser følgjande tal for kommunen samanlikna med landet u/Oslo og KOSTRA-gruppe 6:

Tabell 5 Utvalde nøkkeltal frå skulesektoren

	Vinje	Landet u Oslo	KOSTRA-gruppe 6
Gjennomsnittleg grunnskolepoeng	42,6	42,2	41,9
Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver , lesing 8. trinn (prosent)	60,6	64,3	64,9
Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver , rekning 8. trinn (prosent)	77,1	64,9	65,8
Elever i grunnskulen som får spesialundervisning (prosent)	9,5	10,2	8,1

Kjelde: KOSTRA

Tal for mobbing på 7. og 10 trinn i Vinjeskulen er ikkje offentlege av personvernomsyn. Tal frå elevundersøkinga viser at elevar på 7. trinn trivast like godt på skulen som elevar elles i landet (gjennomsnittstal). På 10. trinn skårar elevane i Vinje noko under landsgjennomsnittet, høvesvis 3,7 i Vinje og 4,0 i landet.¹⁵

Det har vore få tilsyn i skulesektoren i Vest-Telemarkkommunane dei siste åra. Det har kome få klager til statsforvaltaren, men der det kjem klager, får gjerne klagar medhald.

Kommunen har vedteke handlingsplan mot vald og truslar i skulen, sist revidert 21. juni 2023.

Vurderingar

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon å dette området tidlegare. Aktuelle tema kan vere tidleg innsats, skulemiljø eller kvalitet i skulen. Dette bør eventuelt vurderast nærare og bestemast ved bestilling.

¹⁵ Skala frå 1 til 5, der 5 mest positiv

7.4. Vaksenopplæring - integreringsarbeid

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Elevar som ikkje har rett på gratis norsk-opplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet.

Observasjonar

Vinje vaksenopplæring tilbyr og undervisning og støtte innan grunnskule, realkompetansevurdering og intensivkurs på kveldstid. Kommunen har også Statsborgarskapsprøva, Samfunnskunnskapsprøva og Norskprøva A1, A2, B1 og B2. Undervisningslokalet er på Åmot skule

Tal frå IMDI viser at kommunen i 2023 busette 59 innvandrarak. I 2024 har IMDI bede kommunen busette 55 flyktingar.

Del sysselsette hjå innvandrarbefolkninga i Vinje var i 2002 på 63%. Talet er ganske likt for både menn og kvinner. I befolkninga unntatt innvandrarak i Vinje var delen 74%. Delen norskfødde med innvandrarforeldre (16-24 år) i vidaregåande skule var høgare (45 %) enn for befolkninga utan innvandrarbakgrunn (43 %).

I årsmeldinga for 2023 blir det peika på at det store talet på nye innvandrarak er krevjande og stiller store krav til dei ulike tenestene og fagområda og samarbeid på tvers av fag- og sektorgrenser.

Ordførarak seier det som i mange andre kommunar er press på tenesta. Han peikar på at auke i talet på flyktingar frå Ukraina gir utfordringar på mange område; opplæring, bustader m.m.

Vurderingar

Det kan generelt vera risiko knytt til busetting av innvandrarak i høve til press på tenestene og at introduksjonsprogram ikkje har god nok kvalitet.

Vi meiner det kan vera formålstenleg å gjennomføra forvaltningsrevisjon på dette området.

8. Helse og meistring

Tenesteområdet helse og meistring består av NAV og desse verksemdene:

- Helse administrasjon
- Institusjonstenester
- Heimetenester
- Tenester til personar med særlege behov
- Helse og førebygging

8.1. NAV Vest-Telemark – sosiale tenester

Formålet med sosialtenestelova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, under dette at kvar enkelt får høve til å leve og bu sjølvstendig, og framme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Utsette barn og unge og familiane deira skal få eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

For personar med behov for økonomisk sosialhjelp er det viktig å få ei rask tilbakemelding frå kommunen. Lang saksbehandlingstid/mange klagesaker kan indikere risiko ved saksbehandlinga.

Kommunen skal stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunnar taler mot det. Dersom ikkje kommunen følgjer opp aktivitetsplikta i tilstrekkeleg grad vil det kunne bidra til unødvendige sosialhjelpsutbetalingar. I fleire tilsyn har Statsforvaltaren avdekt at kommunar ikkje sikrar at vilkår om aktivitetsplikt blir brukt i tråd med lovkravet.

Observasjonar

NAV Vest-Telemark vart etablert 1.1.2020, og er eit vertskommunesamarbeid for kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune, og kontoret har 26 tilsetje på Dalen. NAV-kontoret har ansvar for økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og gjeldsrådgiving.

Statsforvaltar hadde tilsyn med NAV-kontoret på slutten av 2022. Tema for tilsynet var kartlegging og vurdering av barns behov. Kontoret fekk avvik på dette punktet, på same måte som dei fleste kommunane i Noreg. Statsforvaltar hadde elles eit godt inntrykk. Kommunedirektøren er nøgd med samarbeidet om NAV-kontor. Etter tilsyn frå Arbeids- og velferdsetaten skal det setjast i verk tiltak for å betre tryggleiken for tilsette ved dei ulike NAV-kontora. For tida er difor dei lokale kontora stengt. Det er uklart kven som har ansvaret for å gjennomføre oppgraderingane, og når dette skal gjerast. Kommunen ventar på avklaring frå fylkesleiinga i NAV.

Ordførar seier det har blitt større «avstand» til leiinga i NAV etter at Tokke blei vertskommune, men at han ikkje har grunn til å tru at kvaliteten på tenestene ikkje er gode.

Vurdering

Det er Tokke som er vertskommune for samarbeidet, og det er såleis kontrollutvalet i Tokke som har innsynsrett i denne tenesta, og er dei som eventuelt kan gjere bestilling av forvaltningsrevisjon.

8.2. Helse og omsorg

Kommunen skal ha nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Tenestene skal vere forsvarlege. Det vil seie at helsepersonell skal yte omsorgsfull hjelp i samsvar med faglege krav og eigne kvalifikasjonar. Verksemdene skal organisere drifta slik at helsepersonell er i stand til å oppfylle sine lovpålagde plikter om å utføre forsvarlege tenester. Kommunen må med andre ord planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere tenestene for å sikre eit systematisk arbeid med mellom anna kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik.

Tenestetilbodet til eldre skal innrettast i respekt for sjølvråderetten til den enkelte, eigenverd og livsførsel, og sikre at medisinske behov blir varetekne.

Det kan være krevjande å få tilstrekkeleg og rett bemanning i helse- og omsorgssektoren. Kostnadene ved innleige frå vikarbyrå er ca. 2,5 gonger så høg som kostnadene ved å bruke fast tilsette. Manglande kompetanse og omfattande vikarbruk kan også ha betydning for kvaliteten i tilbodet.

Helse og omsorg er eit stort og viktig område både når det gjeld tenesteinnhald og økonomi, og spenner frå fødsel til død, frå planlegging, samarbeid og førebygging til utføring av komplekse helse- og omsorgstenester. Det er såleis mange ulike teneste- og risikoområde:

- fastlege, legevakt og akuttberedskap
- helsestasjons- og skulehelseteneste for barn og ungdom mellom 0 og 20 år, gravide og barsel.
- helsetenester i heimen, til dømes heimesjukepleie, ergoterapi og fysioterapi
- opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad som er tilrettelagt for heildøgns tenester, til dømes omsorgsbustad (tilrettelagt for heildøgns tenester), sjukeheim, barnebustad, avlastingsbustad og butilbod for rusavhengige.
- personleg assistanse (praktisk hjelp og opplæring og støttekontakt) - hjelp til eigenomsorg, personleg stell og personretta praktisk hjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- dagtilbod til heimebuande med demens
- psykologteneste og tilbod til personar med psykiske lidingar
- helsefremjande og førebyggjande tenester knytt til rus
- koordinering og individuell plan til personar med behov for fleire tenester
- pårørandestøtte
- samhandling med spesialisthelsetenesta – ta imot utskrivingsklare pasientar

Helse- og omsorgstenester har ofte stor betydning for pasient, brukar og pårørande. God saksbehandling og pasient-/brukarmedverknad er viktig for å sikre rett tildeling og utforming av tenester. Formålstenleg organisering av eininga som står for tenestetildelinga, gode rutinar og relevant kompetanse er avgjerande føresetnader for å få til ei forsvarleg saksbehandling.

Observasjonar

Vinje kommune har høgare utgifter til helse og omsorgstenester pr innbyggjar enn kommunane vi samanliknar med. Dette gjelder både pr innbyggjar og som prosent av kommunen sine netto driftsutgifter.

Kommunen samarbeider med andre om følgjande:

- I Tokke blir det gjeve tilbod om cytostatikabehandling og blodtransfusjon. Dette er eit samarbeid mellom Tokke og Vinje, der Vinje bidreg med m.a. 40 % stilling.

- Kommunen tilbyr dialysebehandling tre dagar i veka i samarbeid med Sykehuset Telemark HF.
- I 2022 har me også hatt samarbeid om hjertesviktpoliklinikk saman med Sykehuset Telemark, Notodden. Audigraf kjem til kommunen ein gong per måned.

I årsmeldinga for 2023 er de vist til at sjukefråværet har gått litt ned frå 2022 til 2023 i tenesteområde helse og meistring. Dette gjeld både korttids- og langtidsfråværet.

Det har vore ei omorganisering der kommunalsjef har fått fire nye avdelingsleiarar mellom seg og avdelingane. Kommunedirektøren peiker på at det kan vere utfordringar med innkøyinga av dette. Elles peikar han på at det generelt er vanskeleg å skaffe naudsynt kompetanse og dette blir ei større utfordring med endringar i demografien.

Vurdering

Vi meiner at det kan vere risiko innanfor helse- og omsorgstenester, og at det kan vere nyttig å bruke ressursane til forvaltningsrevisjon her. Vi vil eventuelt tilrå at ein vurderer tema/vinkling i samband bestilling. Aktuelle tema kan til dømes vere bemanning og kompetanse, tildeling av tenester, kvalitet – internkontroll.

Kommunedirektøren meiner helse- og omsorgsfeltet er aktuelt område for forvaltningsrevisjon.

9. Kultur, næring og fritid

9.1. Kultur og fritid

9.1.1. Kulturtilbod

Kommunen skal sørge for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt, jf. kulturlova § 4. Kommunen skal sørge for at kulturlivet har føreseielege utviklingskår, leggje til rette for deltaking i kulturaktivitetar og sørge for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om økonomiske støtteordningar og andre verkemiddel.

9.1.2. Bibliotek

Kommunane har ansvar for folkebibliotek i samsvar med folkebiblioteklova og skulebibliotek i samsvar med opplæringslova. Alle kommunar skal ha ein fagutdanna biblioteksjef, og innhalda og tenestene til biblioteka skal gjerast kjent.

9.1.3. Kulturskule

Alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til barn og unge, anten åleine eller i samarbeid med andre kommunar.

9.1.4. Tilskot til idrett, kultur og kulturminne

Kommunane forvaltar, behandlar eller gjer vedtak i ulike tilskotsordningar til idrett, kultur og kulturminne. Døme på dette kan vere:

- Spelemidlar
- SMIL-midlar
- Eigne stipend eller støtteordningar

Reglane i forvaltningslova gjeld for forvaltninga av slike ordningar.

Vurdering

Det kan generelt vere risiko knytt til forvaltninga av kulturbudsjett/tilskotsmidlar og at vedtak og planar ikkje blir følgde opp.

Vi er ikkje kjende med forhold som tilseier at det er særskilde risikoar på kulturområdet i Vinje.

9.2. Næringsarbeid

Gode vilkår for eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv står sentralt i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging.

Observasjonar

Vinje kommune har ein næringsplan, og har økonomiske tiltak for næringsutvikling. Det var forvaltningsrevisjon av næringsarbeidet i 2023. Tema for forvaltningsrevisjonen var gjennomføring av kommunen sin næringsplan og handsaming av søknader om tilskot frå næringsfondet. Forvaltningsrevisjonen viste at næringsplanen ikkje var følgd opp, og at kommunen sine retningslinjer og gjeldande regelverk for handsaming av søknader og tildeling av stønad ikkje fullt ut var følgde. Kontrollutvalet fekk tilbakemelding på kommunestyret sitt vedtak i saka i oktober 2023. Tilbakemeldinga frå administrasjonen vart tatt til vitande.

Kommunen arbeider med næringsplanen i 2023/2024.

Vurdering

Det har nyleg vore forvaltningsrevisjon på næringsområdet og vi meiner det ikkje er hensiktsmessig med forvaltningsrevisjon i kommande periode.

10. Teknisk, drift og infrastruktur

10.1. Eigedom

Kommunale eigedommar har stor verdi. God eigedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi tilsette og tenestemottakarar gode og effektive bygningar til lågast mogleg kostnad. Kommunen bør ha overordna politisk forankra mål for eigedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og tiltak som sikrar gode avgjerdsgrunnlag.

Det er som regel risiko knytt til kommunale investeringsprosjekt, og konsekvensane kan bli store. Det kan mellom anna vere risiko ved planlegging og saksutgreiing, val av løysing, kostnadsramme, anskaffingsprosess, prosjektstyring, kontraktsoppfølging og overtaking. Kommunen bør ha klare styresmakts- og ansvarsforhold og tiltak for å sikre gode prosessar både i planlegginga og gjennomføringa av investeringsprosjekt.

Kunsten til kommunen kan utgjere store verdiar, både økonomisk, kulturelt og historisk. Kommunen bør derfor ha ei oppdatert oversikt over den kunsten som kommunen har ansvar for, og gode rutinar for å ta vare på og sikre desse verdiane.

Observasjonar

I budsjettdokumentet for perioden 2024-2027 skriv kommunedirektøren at kommunen eig totalt 125 bustader og forvaltar omlag 20 utleigekontrakter til næringsdrivande. I tillegg driv kommunen med leige av private husvære for framleige til flyktningar - dette gjeld omlag 35 bustader.

Vi finn lite informasjon om eigendomsdrifta (måltal, KOSTRA-tal, tiltak) i budsjettdokument og i årsmeldinga for 2023. Kommunen har ikkje overordna vedlikehaldsplan for bygningsmassen.

I KOSTRA finn vi tal for eigedomsforvaltning i kommunen:

Tabell 6 Utvalde nøkkeltal for eigedomsforvaltning i kommunane. 2023

	Vinje	Landet u/Oslo	KOSTRA-gruppe 6
Netto driftsutgifter til eigendomsforvaltning i prosent av samla driftsutgifter (prosent)	16,3	9,4	11,4
Netto driftsutgifter til forvaltning av eigedom pr innbyggjar (kr)	145	431	490
Areal på føremålsbygg pr innbyggjar (kvm)	10,31	5,03	7,97
Utgifter til vedlikehald pr kvadratmeter (kr)	149	113	103
Utgifter til driftsaktiviteter pr kvadratmeter (kr)	1 083	750	842
Utgifter til reinhald pr kvadratmeter (kr)	338	187	242
Utgifter til energikostnader pr kvadratmeter (kr)	369	170	180

Kjelde: KOSTRA

Kommunen brukar meir ressursar på eigedomsforvaltninga enn kommunane vi samanliknar med.

Vi får opplyst at boligsosial plan kjem til handsaming i kommunestyret i løpet av 2024. Ordførar seier det særleg vil vere trong for bustader for eldre av di det vil vere naudsynt med meir heimebaserte tenester innafor helse og omsorg.

Vurdering

Det er generell risiko for at kommunen ikkje har eit tilfredsstillande system for verdibevarande vedlikehald av eigedommane, og at kommunen har eit etterslep når det gjeld vedlikehald.

Kontrollutvalet har peika på at *anskaffinga av bustader – reglement for bruk og drift av kommunale bustader* kan vere eit aktuelt tema.

Dersom det skal gjerast fleire/større investeringar, kan det vere nyttig å gjere forvaltningsrevisjon av planlegging, styring og gjennomføring av investeringsprosjekt, enten innan eigedomsforvaltning eller vatn og avløp.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon på dette området i Vinje sidan 2014.

10.2. Vatn og avløp

Kommunen skal sørge for tilstrekkeleg og sikker vassforsyning i samsvar med drikkevassforskrifta. Avløpshandteringa skal vere i samsvar med forureiningslova. Det er krav om internkontroll, og alle kommunar skal ha beredskapsplanar for drikkevassforsyning.

Det er venta at alderen, utsleppet og klimatiske endringane i VA-nettet vil medføre behov for store investeringar. Manglande investeringar og vedlikehald kan føre til utrygg drikkevassforsyning og fare for forureining.

Investering og drift innanfor vassforsyning og avløp blir gebyrfinansiert i samsvar med reglane for sjølvkost. Store investeringsbehov og høge driftskostnader kan føre til auka gebyr for innbyggjarane.

Observasjonar

Kommunen har hovudplan for vatn og avløp for perioden 2014-2020. I framlegg til ny planstrategi er det lagt opp til at planen berre skal reviderast ved behov.

100% sjølvkostgrad på vassforsyninga.

I budsjett/økonomiplan 2024-2027 skriv kommunedirektøren at det blir ein av hovudutfordringane å ta over Tyrvelid vassverk. Det er plan om kommunal overtaking 01.01.2025 om kommunestyret gjer vedtak om dette. Vidare blir det vist til at EU's avløpsdirektiv er under revidering og kjem til å påverke kommunane i dei neste tiåra med krav om ytterlegare investeringar for betring av reinsegrad i avløpet. Vinje kommune har svært mange spreidde avløpsanlegg og det vil krevje stor innsats dei neste tiåra for gjennomføring av kartlegging, oppfølging og tilsyn av slike anlegg.

Mattilsynets drikkevasstilsyn gjennomførte tilsyn med Edland vassverk, Rauland vassverk, Øyfjell vassverk, Åmot vassverk og Oksatjønn vassverk i februar 2023. Tema var hygieniske barrierar i vassbehandlinga, og føremålet var å undersøkje om vassverka har ei vassbehandling som er

tilpassa råvatnkvaliteten og at dette er basert på farekartlegginga. Det vart ikkje funne nokon brot på regelverket, og tilsynet konkluderte med at det ikkje var behov for vidare oppfølging.

Under er tabellen for årsgebyr for vassforsyning rapportert i KOSTRA:

Tabell 7 Årsgebyr for vassforsyning (eks. MVA)

	2022	2023
Vinje	2 420	2 907
Landet u/Oslo	4 204	4 809
KOSTRA-gruppe 6	4 231	4 715

Kjelde KOSTRA

Tabellen viser at Vinje har lågare årsgebyr for vassforsyning enn andre kommunar i KOSTRA gruppe 6, og snittet for landet utan Oslo.

Tabellen under viser nøkkeltall for det kommunale drikkevannsnettet:

Tabell 8 Prosentdel fornya kommunalt leidningsnett. Gjennomsnitt for dei tre siste årene

	2022	2023
Vinje	2,15	2,15
Landet u/Oslo	0,62	0,58
KOSTRA-gruppe 6*

Kjelde KOSTRA *talgrunnlag manglar

Det er seks avlaupsanlegg i kommunen. Av dei er fem kommunalt eigde anlegg. Delen av befolkninga som er knytt til kommunal avlaupstenesta er lågare i Vinje enn i landet utan Oslo. Litt i underkant av 60 % i Vinje, medan talet for landet er nær 85 %.

Kommunen ar 100% sjølvkostdekning på avlaupshandteringa.

Tabell 9 Årsgebyr for avlaupstenesta (ekskl. MVA)

	2022	2023
Vinje	3 196	3 833
Landet u/Oslo	4 621	5 264
KOSTRA-gruppe 6	4 477	4 853

Kjelde KOSTRA

Kommunen har lågare gebyrsatsar enn gjennomsnittet i kommunane vi samanliknar med.

Del av innbyggjarane som er tilknytt anlegg der reinsekrava er oppfylte var i 2022 på 97,1 %. I landet utanom Oslo var denne delen 64,2 %.

I KOSTRA finn vi tal på fornying av spillvassnett i kommunane:

Tabell 10 Del fornya spillvassnett i gjennomsnitt dei tre siste åra (prosent)

	2022	2023
Vinje	0,42	0,30
Landet u/Oslo	0,62	0,64
KOSTRA-gruppe 6*

Kjelde KOSTRA * tal ligg ikkje føre

Vinje har dei seinaste åra ein lågare del fornying av spillvassnett enn landet utanom Oslo. Det ligg ikkje føre tal for kommunane i KOSTRA-gruppe 6.

Det var forvaltningsrevisjon på sjølvkost vatn og avløp i 2017. Vi såg på lokal gebyrforskrift, berekningsgrunnlag for sjølvkost og avsetningar til fond. Det var nokre tilrådingar.

Kommunedirektøren meiner at vatn og avlaup er eit område som blir handtert på ein god måte.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier særskilt risiko knytt til drift, gebyr og sjølvkost. Det kan vere risiko knytt til gjennomføring av investeringar.

Førre kontrollutval hadde innspel om forvaltningsrevisjon på området vatn og avlaup.

10.3. Kommunale vegar

Kommunen har styresmakts-, forvaltnings- og vedlikehaldsansvar for kommunale vegar og gang- og sykkelstiar. Dette inneber at kommunen skal halde vegane opne for offentleg ferdsel, ved mellom anna å planleggje og gjennomføre vedlikehald, godkjenne eventuelt behov for å redusere eller stengje framkomma og drifte vegane med å brøyte snø og strø.

Observasjonar

Kommunen har 86 km med kommunal veg. Av dette er 40 km utan fast dekke.

I økonomiplan/budsjett for 2024-2027 skriv kommunedirektøren at vegvedlikehaldet er blitt meir krevjande dei seinare åra med varierende nedbørsmengder og intensitet i denne, og at det difor er naudsynt å oppgradere ein del utstyr til vegdrift.

Kommunen har hovudplan for veg for perioden 2015-2020. I framlegg til ny planstrategi er det lagt opp til at planen berre skal reviderast ved behov.

Kommunen har kommunedelplan for trafikksikring.

I KOSTRA finn vi tal på brutto driftsutgifter til kommunale vegar. Kommunen ligg på nivå med kommunane i KOSTRA-gruppa, men lågare enn landet utan Oslo.

Tabell 11 Brutto driftsutgifter til kommunale vegar og gater ekskl. avskrivningar pr km i kr

	2022	2023
Vinje	101 593	134 895
Landet u/Oslo	143 726	170 794
KOSTRA-gruppe 6	102 378	127 400

Kjelde: KOSTRA

Vurdering

V har ikkje informasjon som tilseier spesiell risiko knytte til drifta av dei kommunale vegane i Vinje.. Vi vurderer risikoen til å vera låg.

Det er ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet før.

10.4. Renovasjon

Kommunen skal sørge for innsamling av hushaldsavfall. For å oppnå betre ressursutnytting av avfall, verne miljøet og redusere klimagassutslepp er det krav om sortering og sorteringsgrad med ulike fristar for ulike avfallsfraksjonar, t.d. 50% av matavfallet skal vere sortert ut innan 2025. Kommunen skal ha kunnskap om og dokumentasjon på oppnådd utsorteringsdel per år, og dessutan oversikt over årleg mengd matavfall, park- og hageavfall og plastavfall som er utsortert og levert til materialgjenvinning. Kommunen må sørge for gode system og tiltak for å vareta desse krava.

Handteringa til kommunen av hushaldsavfall skal finansierast gjennom eit avfallsgebyr, som blir fastsett på grunnlag av sjølvkostprinsippet.

kommune/Kommunens renovasjonsselskap driv også med innsamling og handtering av næringsavfall. Dette er ei kommersiell verksemd, som skal organiserast skilt frå hushaldsavfallet.

Observasjonar

Renovasjonsselskapet RENOVEST IKS sørger for handtering av hushaldsavfallet og slamtømming i kommunane Vinje, Fyresdal, Seljord, Tokke og Kviteseid. Selskapet har hovudkontor i Kviteseid.

Hushaldsavfall pr innbyggjar i Vinje er ifølgje KOSTRA 368 kg pr år. Det er på nivå med gjennomsnittet for innbyggjarane i landet utanom Oslo (367 kg) og litt under gjennomsnittet for innbyggjarane i KOSTRA-gruppe 6 (377 kg).

Delen av avfallet om blir levert til materialgjenvinning (inkl. biologisk handsaming) er litt lågare i Vinje enn i kommunane vi samanliknar med.

Frå 2023 blei det innført kjeldesortering for fritidsbustader i kommunane.

Årsgebyret for avfallstenesta var i 2023 kr 2 620 for innbyggjarane i Vinje. Gjennomsnittet i landet utanom Oslo var kr 3 557 og i KOSTRA-gruppe 6 kr 3 803. Gebyret i Vinje har auka til kr 2 946 i 2024.

RENOVEST tek også i mot næringsavfall frå kommunane og private. Inntekter og utgifter knytt til handtering av næringsavfallet skal skiljast frå inntekter og utgifter knytt til handtering av hushaldsavfallet.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

10.5. Brannvern og branntilsyn

Kommunen pliktar å sørgje for etablering og drift av eit brannvesen. Oppgåvene til brannvesenet er å sørgje for beredskap ved brann og å drive førebyggjande arbeid.

Det førebyggjande brannvernsarbeidet inneber m.a. kartlegging av brannobjekt og utsette grupper, og dessutan tilsyn og feiing av fyringsanlegg i bygningar, inkludert fritidsbustader.

Kommunen kan ta gebyr for tilsyn og feiing. Gebyret skal fastsetjast etter sjølvkostprinsippet.

Observasjonar

Brannvern og branntilsyn i Vinje kommune er organisert som eit interkommunalt selskap, (Vest-Telemark brannvern IKS) saman med kommunane Fyresdal, Seljord, Tokke, Nissedal og Kviteseid.

Ifølgje tal frå SSB hadde kommunen 5 bygningsbrannar i 2023. Det blei gjennomført 3 tilsyn med A-objekt i løpet av 2023. A-objekt er bygg eller områder der brann kan medføre tap av mange liv, til dømes skuler og sjukeheimar. Talet på tilsyn 11 i 2020, 10 i 2021 og 7 i 2022.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at et er særskilt risiko på dette området.

11. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

11.1. Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for god eigarstyring. Eigarskapskontroll gjeld for eigarstyringa av interkommunalt selskap (IKS), aksjeselskap (AS), samvirke (SA), og for interkommunalt politisk råd (IPR) og kommunalt oppgåvefelleskap (KO) når desse er sjølvstendige rettssubjekt.¹⁶

Eigarskapskontroll skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Nokre eigarskapskontrollar blir gjort i kombinasjon med forvaltningsrevisjon i selskapet.

Eigarskap og eigarstyring i Vinje

Ifølgje kommunelova skal alle kommunar ha vedtatt ei eigarskapsmelding innan utgangen av 2023. Eigarskapsmeldinga skal innehalde kommunen sine eigarstyringsprinsipp, oversikt over kva selskap og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i, og ein omtale av kva som er kommunen sitt formål med eigarinteressene.

Vinje kommune har eigarskapsmelding 2024-2027, vedteken kommunestyret i februar 2024 (sak 13/2024). Eigarskapsmeldinga gir generell informasjon om eigarstyring og selskapsformer, kommunen sine eigarstyringsprinsipp og oversikt over selskap kommunen har eigarinteresser i, med formål med eigarskapen og vurderingar av vidare strategi for eigarskapen.

Vinje kommune eig fleire selskap, både åleine, saman med andre kommunar og fleire selskap saman med private aktørar.

Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap og andre samarbeidsordningar, går fram av vedlegg til rapporten.

Vurdering

Det er forskjellige utfordringar knytt til eigarstyringa av ulike organisasjonsformer og eigarkonstellasjonar. Det er generelt risiko for at eigarstyring ikkje får tilstrekkeleg merksemd i folkevaldopplæringa, at politisk nivå ikkje får god nok informasjon om selskapa, og at eigarsaker ikkje blir godt nok førebudde og avklarte politisk før møte i eigarorgana.

¹⁶ Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap kan organiserast både som sjølvstendig rettssubjekt og som ein del av kommunen. Desse inngår i eigarskapskontroll når dei er sjølvstendige rettssubjekt. her.

Det er gjerne eigarstyringa av selskap med størst eigardelar som får mest merksemd. For selskap med mange eigarar som alle har små eigardelar, kan ei pulverisering av eigarstyringa vera eit eige risikomoment.

Når kommunen eig selskap saman med stat og/eller private, har ikkje kontrollutvalet rett til innsyn i verksemda. Manglande innsyn og informasjon kan skape ein ekstra risiko, og kan gi utfordringar i eigarstyringa.

Val av styre er den viktigaste oppgåva eigar har. Kva som er ei føremålstenleg organisering av styrevalprosessane kan variere for heileigde og deleigde selskap, og også ut frå storleiken, organisasjonsforma og verksemda til selskapa. Forslag til styresamansetjing frå selskapa sine valkomitear er generelt ofte er lite greidd ut og lite dokumentert. Det var eigarskapskontroll med dette tema i Vinje i 2019. Det var mellom anna tilrådingar knytt til å sikre at det er valkomité i selskapa og at styresamansetjing er i samsvar med lovkrava.

Vi vurderer at risikoen knytt til eigarstyring er redusert, og vil ikkje tilrå ein slik generell og grunnleggjande eigarskapskontroll.

I eigarskapsmeldinga (for perioden 2024-2027) gir kommunen ulike føringar for selskapa, mellom anna valnemnd og styreevaluering, styregodtgjersle, samfunnsansvar og etikk. Ein eigarskapskontroll bør kombinerast med forvaltningsrevisjon i eit utval selskap, der ein undersøker i kva grad desse forventningane er formidla og gjennomførte i selskapa.

Kommunedirektøren seier at kvart år er fyrste formannskapsmøte sett av til selskapsdialog. Der får sentrale selskap høve til å presentere seg og medlemmar i formannskapet kan stille spørsmål.

11.2. Forvaltningsrevisjon i selskap

Planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal også omhandle eventuell forvaltningsrevisjon i selskap. Selskap og tema som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i selskap er beskrivne i tabellen nedanfor.

Prioritering av forvaltningsrevisjon i selskap (kva kontrollutvalet vurderer som vesentleg) er som regel avhengig av kommunen sin eigardel, organisasjonsform, verksemda i selskapet, betydning for kommunen, storleiken på selskapet og den økonomiske situasjonen. Ein eigarskapskontroll kan også avdekke behov for forvaltningsrevisjon av selskap.

Ut frå eit kost/nytte-perspektiv har vi innhenta avgrensa informasjon om selskapa. Vi har derfor vurdert generell risiko. Det vil seie at vi angir kva som *kan* vere risiko, ikkje at det faktisk er risiko.

Det kan generelt vere risiko for at selskapa ikkje oppfyller lovkrav eller målsetjingar knytt til kjerneverksemda, t.d. krav til tenestene. Forvaltningsrevisjon av kjerneverksemda er mest aktuelt for selskap som utfører lovpålagde kommunale oppgåver eller sentrale innbyggjarretta tenester.

Det kan og verer risiko knytt til selskapet si etterleving av selskapsregelverk og relevante retningslinjer frå eigar. Slike retningslinjer kan t.d. handle om berekraft og anna samfunnsansvar, korrupsjonsførebygging, etikk og varsling. Vidare kan økonomistyring og rapportering, personvern, HMS, anskaffingar vere risikoområde. For konsern er organisering og eigarstyring av dotterselskap også eit aktuelt tema.

Forvaltningsrevisjon i selskap med fleire eigarar bør gjennomførast for eigarane i fellesskap.

Kontrollutvalet/revisor har ikkje innsynsrett i selskap med private og statlege medeigarar. Vi legg til grunn at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon i slike selskap. Manglande innsynsrett er ein risiko i seg sjølv, og desse selskapa er sjølvstakt aktuelle å ta med i ein eigarskapskontroll.

Risikovurdering – forvaltningsrevisjon i selskap

I tabellane på dei neste sidene har vi sortert selskapa etter organisering:

- aksjeselskap der kontrollutvalet har innsynsrett,
- interkommunale selskap og kommunale oppgåvefellesskap/interkommunalt politisk råd
- aksjeselskap der det også er private eigarar, slik at kontrollutvalet ikkje har innsynsrett.

Vest-Telemark PPT er vurdert i kap. 7.1.2. Ut over dette har vi ikkje prioritert mellom risiko i selskapa.

Sittande kontrollutval har spilt inn eigarstyring av Raulandsakademiet AS og elles *styring og organisering, og openheit i kommunalt eigde selskap.*

Vi tenker at Vinje Datasenter Holding AS, Fjellab IKS og Kvito AS kan vere aktuelle for ein eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon i selskap.

Vedlegg 1: Oversikt over selskap

Aksjeselskap med innsynsrett

Selskap	Selskapet sitt formål (forkorta/omskrive)	Eigardel	Deltakarar og (kontorkommune)	Vurdering av generell risiko
Vest-Telemark kraftlag Holding AS Har tre dotterselskap.	Eige dotterselskap innan energi, tenestyrting -merkantile tenester til dotterselskap.	19%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal og Nissedal (Høydalsmo/Tokke)	Risiko knytt til konsernstyring og drift, og til informasjon om verksemda og risiko i dotterselskapa.
Kvito AS	Tiltaksarrangør, varig tilrettelagt arbeid	63,01%	Vinje, Kviteseid, Tokke, Nissedal (Vinje)	Risiko knytt til måloppnåing, økonomi, ordinær drift, selskapsstyring og konsernstyring.
Vinje Datasenter Holding AS Har dotterselskap	Forvalte eigarinteresser i samband med etablering av datasenter	100%	Vinje	Risiko knytt til måloppnåing, selskapsdrift og evt konsernstyring.
Sør-Øst 110 AS	Ivareta lovpålagde plikter om naudmeldesentralar.	0,5%	Mange kommunar	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.

Interkommunale selskap (IKS) og Kommunalt oppgåvefelleskap (sjølvstendig rettssubjekt)

Selskap	Selskapet sitt formål	Eigardel	Deltakarar/ kontorkommune	Vurdering av generell risiko
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA)	Drift av arkiv	1,1	Mange kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark (Kongsberg)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Vest-Telemark Pedagogisk Psykologis Teneste IKS	PP-teneste – sakkunnige vurderingar, systemretta arbeid for barnehage og skule.	27	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal (Kviteseid)	Risiko knytt til måloppnåing, drift, selskapsstyring.

Selskap	Selskapet sitt formål	Eigardel	Deltakarar/ kontorkommune	Vurdering av generell risiko
Konsesjonskraftstyret i Telemark KO	Konsesjonskraftomsetjing	11,11	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Fylkeskommunen/Skien)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring, avkasting.
Kraftkompetanse KO	Regionalt kompetansesenter for saker om kraft og forvaltning av naturresursar	23	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Vinje)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.
Raulandsakademiet AS	Folkekultur – utleige, overnatting, kursverksemd.	99,2	Vinje, Telemark fylkeskommune	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.
Renovest IKS	Renovasjon	29	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal (Kviteseid)	Risiko knytt til måloppnåing, renovasjonsordning, drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark brannvesen IKS	Brann og redning, tilsyn	24	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Tokke)	Risiko knytt til måloppnåing, drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark interkommunalt politisk råd (IPR)	Regionalt distriktpolitisk samarbeidsorgan	Etter folketal	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Kviteseid)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Registrert som § 27 i Brønnøysundreg.
Fjellab Drift IKS Har datterselskap	Analysetenester for eigarkommunane	33%	Vinje, Tokke, Tinn (Tinn)	Risiko knytt til selskapsstyring, drift og kryssubsidiering. Etablert i 2024
Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS (Vetaks)	Sekretariatstenester til kontrollutval	1,3	Telemark fylkeskommune, alle kommunane i Telemark unntatt Skien, Vestfold fylkeskommune, alle	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet

Selskap	Selskapet sitt formål	Eigardel	Deltakarar/ kontorkommune	Vurdering av generell risiko
			kommunane i Vestfold, Agder fylkeskommune, fleire kommunar i Agder. (Bø/Midt-Telemark)	
Vestfold og Telemark revisjon IKS	Revisjonstenester til eigarkommunane mm	1,9	Telemark fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og alle kommunane i Vestfold og Telemark. (Skien)	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet

Aksjeselskap utan innsynsrett¹⁷

Selskap	Selskapet sitt formål	Kommunen sin eigardel	Deltakarar
Norsk Bane AS	Utgreiing og prosjektering av høghastighetstog.	17,22	Vinje, Tokke, Midt-Telemark, kommunar i Rogaland, Hordaland, Agder, private.
Vest-Telemark næringsbygg AS	Styrking og vidareutvikling av næringslivet i regionen	39,59	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal, Hjartdal, private (Kviteseid)
Dotterselskap			
Radio Vest-Telemark AS	Drive radio	20,46	Vinje, private.
Rehabiliteringssenteret AIR AS	Rehabilitering, helsetenester	16,1	Vinje, Telemark fylkeskommune, mange kommunar, organisasjonar.
Telemark Bilruter AS	Persontrafikk, vegtransport	16,75	Vinje, Fyresdal, Seljord, Tokke, offentlege og private transport og turistverksemder, enkeltpersonar.
Dotterselskap			

¹⁷ Selskap med private eller statlege medeigarar.

Selskap	Selskapet sitt formål	Kommunen sin eigardel	Deltakarar
Skien Dalen Skipsselskap AS	Drive turisttrafikk i Telemarksvassdraget	1,1	Skien, Nome, Kviteseid, Tokke, Nissedal, Fyresdal, Vinje, Telemark fylkeskommune, fleire private reiselivsaktørar
Fjellvåken AS	Transportsystem i Møsvatn for bosetting og næring	32,54%	Vinje, Tinn, DnT, andre
Vest-Telemark blad AS	Avis	8,74	Kommunane i Vest-Telemark, private
E134 Haukelivegen AS	Arbeide for vegutbygging	2,2	Mange kommunar og fylkeskommunen, private (Vinje)
RN Eigedom AS	Utleige av fast eigedom	57,14 %	Vest-Telemark Næringsbygg AS, Vinje kommune.

Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt

Namn	Formål	Organisasjonsform	Deltakarar	Kontorkommune/ vertskommune
Telemark innkjøpssamarbeid KO (TIS)	Etablering av felles rammeavtalar for vare- og tenestekjøp. Innkjøpssamarbeidet har hovudansvaret for å gjennomføre innkjøpsprosessane i samarbeid med deltakarkommunane.	Kommunalt oppgåvefelleskap	Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Vinje og Tokke	Midt-Telemark
Kraftkompetanse	Skal ivareta interessene knytt til bruk av vasskraft og naturressursar for deltakarkommunane.	Kommunalt oppgåvefelleskap	Telemark fylkeskommune, Tinn, Vinje, Tokke, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal og Hjartdal	Vinje
Krisesenteret i Telemark	Krisesenter – for personar utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar	Vertskommunesamarbeid	Alle kommunane i Telemark	Skien
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark	Barnevernteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Kviteseid
NAV - sosialteneste	Sosialteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Tokke
Jordmortenesta i Vest-Telemark	Jordmorteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Vinje	Vinje
Interkommunal psykologteneste	Psykologteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Klima og miljøberedskapen i Telemark	Beredskap - forureining	Kommunalt oppgåvefelleskap	Alle kommunane i Telemark	Skien

Namn	Formål	Organisasjonsform	Deltakarar	Kontorkommune/ vertskommune
Rask psykisk helsehjelp	Helseteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Vest-Telemark driftssenter (VTdS)	IT-drift	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Vinje



På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er utarbeidet av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

24: 4028 400